



## Årsplan 2024

### Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

#### 1.0 Mål for nettverket

Bidra til kompetanseheving og betre samhandling på alle nivå i helsetenesta, slik at personar med kreft i alle fasar av sjukdomen, personar med behov for lindrande behandling og deira pårørande opplever tryggleik og mottar helse- og omsorgstenester av god kvalitet.

(jf. strategiplan 2021-2024)

#### 2.0 Plan for arbeidet i lokalgruppene

Deltaking i nettverket av ressursjukepleiarar gjev Helse Førde føretaksområde mange kompetente og kunnskapsrike sjukepleiarar innan kreftomsorg og lindrande behandling. Undervisninga til ressursjukepleiarane byggjer på ein kompetanseplan som er felles for nettverka i Helse Vest.

Ein viktig programpost på lokalgruppesamlingane er «runde rundt bordet». Der vil vi rette merksemda på: Kva har du gjort sidan siste samling? Kva gleder og utfordringar har du som ressursjukepleiar? Kva er planen vidare?

Tema på lokalsamlingar er bestemt utifrå Nettverket sin kompetanseplan.

#### Lokalgruppesamling vår 2024 - Tema

- «Kva kan fysio- og ergoterapi bidra med i møte med pasientar som har kreft, og pasientar med behov for lindrande behandling»?
- Undervisningsformer: Førelesing, case og gruppearbeid

#### Lokalgruppesamling haust 2024 – Tema



- “Neutropeni og handtering av cytostatika”
- Undervisningsformer: Førelasing, case og gruppearbeid

### Arbeidsoppgåver knytt til lokalsamlingane

- Planlegge og gjennomføre to samlingar i kvar gruppe, ei vår og ei haust
- Program for lokalgruppesamlingane skal utarbeidast i eit samarbeid mellom driftsgruppa og lokalgruppeansvarlege
- Nettverket sin kompetanseplan og innspel frå ressursjukepleiarane ligg til grunn for innhaldet på samlingane. Ressursjukepleiarane og medlemmane i driftsgruppa bør ha ansvar for delar av undervisninga
- Invitere lokale kollegaer, gjerne tverrfaglege samarbeidspartnarar.
- Lokalgruppeansvarleg har ansvar for å skrive referat og sende referat til ressursjukepleiarane i si lokalgruppe. Ressursjukepleiarane skal sende referat til sin leiar.
- Lokalgruppeansvarleg registrerer fråvær på lokalgruppesamlingane og etterspør årsak til fråvær. Lokalgruppeansvarleg kontaktar ressursjukepleiar ved ikkje varsla fråvær. Lokalgruppeansvarleg tek då primært kontakt med den aktuelle ressursjukepleiar.
- Invitere fastlegar, fysioterapeutar/ergoterapeutar frå vertskommunen til den delen av lokalsamlingane som heiter Samhandling

### Dato for lokalgruppesamlingar 2024

Vår:

Sogn:	16.04.24
Nordfjord:	23.04.24
Sunnfjord og Kinn:	09.04.24

Haut:

Sogn:	15.10.24
Nordfjord:	22.10.24
Sunnfjord/Kinn:	29.10.24

### 3.0 Plan for årleg fagdag

**Det vert arrangert årleg fagdag på Thon hotel Jølster 13. Februar.**  
**Tema: «Når livet snur i møte med alvorleg sjukdom»**



-Kan håp og åndeleg omsorg gje styrke når livet blir vanskeleg?

**Etter fagdagen skal deltakarane:**

- forstå begrepet åndeleg omsorg
- ha fått kunnskap om åndeleg omsorg i møte med alvorleg sjukdom
- kunne identifisere og kartlegge åndelege behov og ressursar
- ha fått auka kunnskap om håp og korleis håp kan være ein styrke i møte med alvorleg sjukdom
- ha fått auka kunnskap og forståing om korleis vi som hjelpar kan hjelpe pasient og pårørende å oppretthalde og styrke håpet
- ha fått reflektert over egne og andre sine verdiar og livssyn og at desse kan være ulike, også i møte med tøffe utfordringar i livet
- ha fått motivasjon til å vere ansvarleg, tilgjengeleg og respektfull i møte med andre sine uttrykk for åndelege dimensjonar og ulike tro og livssyn
- ha fått drøfta og reflektert over betydinga av tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, møtt kollegaer og utveksla erfaringar på tvers av faggrupper/institusjonar/etatar

**4.0 Plan for arbeidet som ressursjukepleiar i tråd med Nettverket for kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest sin kompetanseplan**

**Ressursjukepleiar skal følgje si funksjonsbeskriving, med særleg merksemd på:**

Pasient- og pårørandearbeid

**Mål: Medverke til at helse- og omsorgsarbeidet til pasient og pårørende er av høg kvalitet**

- Følgje opp og skape kontinuitet i omsorga for pasientar og deira pårørende
- Kartleggje behov og sette i verk tiltak, både førebyggjande og behandlande, i samarbeid med ulike kollegaer på arbeidsplassen eller kommunen.
- Vere bindeledd mellom pasienten og andre samhandlande partar
- Bidra til at pasientar og pårørende får tilbod om omsorg av god kvalitet, bygd på kunnskapsbasert kompetanse og nasjonale retningslinjer
- Nytte ESAS-r som verktøy ved kartlegging av symptom
- Nytte palliativ plan/individuell plan for pasientar med behov for koordinerte tenester
- Ha kunnskap om verktøyet Livets siste dagar – Plan for lindring i livets slutfase, og eventuelt bidra til at planen blir implementert på eigen arbeidsplass
- Ha kjennskap til medikamentskrin for symptomlindring i livets slutfase
- Bidra til auka etisk bevisstheit/refleksjon kring den enkelte pasient sin situasjon
- Bidra til utvikling av gode system, retningslinjer og prosedyrar for den aktuelle pasientgruppa
- Bidra til god kontinuitet i oppfølging av pasient og pårørende



- Sjå på moglegheiter til samarbeid mellom Helse Førde, Lærings- og meistringssenteret, USHT, praksiskonsulentar, kommunane, kreftkoordinatorane, ressursssjukepleiarane og fastlegane

## Kompetanse

**Mål: Medverke til å styrka kompetansen i kreftomsorg og lindrande behandling**  
**Arbeide for at kunnskap, ferdigheiter og haldningar vert formidla vidare til kollegaer på arbeidsplassen**

- Nye ressursssjukepleiarar skal få tilsendt velkomstbrev med aktuelle dokument vedlagt
- Delta på alle lokalsamlingar og årleg fagdag
- Lage rutine for å informere kollegaer og leiar om nettverksmøta og årleg fagdag
- Nye ressursssjukepleiarar og nye leiarar skal delta på introduksjonskurset
- Medverke til kompetanseheving på eigen arbeidsstad ved å arrangere internundervisning/fagsnuttar/praktisk rettleiing med tema innan kreftomsorg og lindrande behandling.
- Nytte nettverket sine eigne undervisningsmalar
- Informere om nyhende innan kreftomsorg og palliasjon på eigen arbeidsstad
- Hospitere
- Ta initiativ til å delta på aktuelle kurs, fagdagar og konferansar
- Være rollemodell på eigen arbeidsstad, med særleg fokus på etikk og refleksjon .
- Ha fokus på å være fagleg oppdatert innan kreftomsorg og lindrande behandling.
- Rådgje og støtte kollegaer
- Halde seg oppdatert om nyhende på KLB si nettside

## Organisering

**Mål: Være eit synleg og godt fungerande nettverk i Helse Førde føretaksområde**

- Kontinuerleg arbeid med rekruttering av nye ressursssjukepleiarar og erstatte dei som sluttar
- Oppmuntre ressursssjukepleiarane til å marknadsføre og informere om nettverket, samt distribuere brosjyrar til aktuelle samarbeidspartar, pasient og pårørande
- Etablere gode rutinar for informasjonsutveksling og rapportering til lokalgruppeansvarleg og leiar i driftsgruppa
- Vera med å bidra når lokalsamlingar er i eigen kommune
- Kreftkoordinator deltek i tilhøyrande lokalgruppe
- Ressursssjukepleiar har ansvar for at eige namn, tlf.nr, e-post adresse og arbeidsstad er oppdatert på Pallnet.no, samt namn, tlf. og e-postadresse til leiaren sin. Ressursssjukepleiaren har ansvar for å melde inn endringar

## Forankring hjå leiar



**Mål: leiar og ressursjukepleiar er gjensidig forplikta på nettverksarbeid, arbeidet er forankra hjå leiar på alle nivå**

- Årsplan 2024 og årsrapport 2023 vert sendt til alle ressursjukepleiarane og deira leiarar
- Ressursjukepleiaren tar initiativ til samtale med leiar, og utarbeider eigen årsplan saman med leiar. Leiar sitt ansvar er å støtte ressursjukepleiaren og gje tid og ressurs slik at ressursjukepleiaren kan utøve sin funksjon i medhald til avtalen for nettverket.
- Delta i lag med leiar på årleg fagdag

### Samhandling

**Mål: Medverke til best mogleg samhandling rundt kreftpasientar og pasientar i Palliativ fase, på tvers av nivå, etatar og faggrupper**

- Bidra til at palliativ plan / individuell plan nyttast aktivt
- Auka samhandling med andre aktuelle partar (som USHT, sakshandsamar, forvaltning, NAV, trus- og livssynssamfunn)
- Auka samarbeid med brukar- og pårørandeorganisasjonar
- Fremje god kultur for samarbeid gjennom deling av erfaring/refleksjon over samhandling på nettverksmøte

### 5.0 Plan for driftsgruppa sitt arbeid i tråd med Nettverket for kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest sin kompetanseplan

- Fem møter i driftsgruppa.
- Arrangere lokalgruppesamlingar og oppmuntre til å **nå vårt mål om minst 80 % fram møte på lokalgruppesamlingane**
- Regional medarbeidar i KLB og lokalgruppeansvarleg skal representere driftsgruppa på lokalgruppesamlingane
- Introduksjonskurs for nye ressursjukepleiarar og leiarar
- Sende ut nyhendebrev vår og haust
- Introdusere felles undervisningsmalar
- Oppmuntre og inspirere kollegaer innan fysio- og ergoterapi til oppstart av eige nettverk. Dette skal blant anna gjerast gjennom felles møtepunkt på årleg fagdag for nettverket, og samarbeid om undervisning på lokalgruppesamlingane våren 2024
- Rapportere til Sunnfjord kommune om bruk av tildelte middel
- Søkje Statsforvaltaren om middel til nettverket
- Halde nettsida til nettverket oppdatert
- Oppmuntre ressursjukepleiarane til gjensidig hospitering. Vi har mål om at 2 ressursjukepleiarar skal hospitere i 2024
- Arrangere grunnkurs i palliasjon 5. november 2024
- Markere WHPCD på Eid 22. oktober 2024



- Skrive årsrapport for arbeidet i 2024
- Utarbeide årsplan for 2025
- Regionale medarbeidarar møter på obligatoriske samlingar for tilsette i KLB
- Leiar av driftsgruppa skal delta på møte i styringsgruppa for nettverket
- Leiar av driftsgruppa skal orientere om nettverket til fagleg samarbeidsutval Helse Førde
- Formidle aktuell informasjon om kreftomsorg og lindrande behandling til ressursssjukepleiarane gjennom e-post og nettsider
- Stimulere ressursssjukepleiarane til å søke prosjektmiddel til arbeid i eigen kommune
- Stimulere ressursssjukepleiarane på sjukehusa til å lage eit felles møtepunkt med mål om å styrke rolla som ressursssjukepleiar, og i auka grad bidra til deling av kompetanse om grunnleggande palliasjon til kollegaer.
- Marknadsføre nettverket av ressursssjukepleiarar og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest
- Utsending av årleg rapportering via surveymonkey. **Vi har mål om å få 80 % svarrespons.**
- Utarbeide årshjul
- Evaluere lokalgruppesamling via Surveymonkey ein gong i løpet av året

